

# Eigedomsteori: Ei innføring

Erling Berge

## Samandrag

Artikkelen gjer greie for tre syn på kva eigedom er for noko: Daglegtalens omgrep, jussens omgrep og samfunnsvitskapen sitt omgrep. Daglegtalens eigedomsomgrep er «tingorientert». Jussen kan seiast å fokusere på dei sosiale relasjonane mellom eigarar og ikkje eigarar, men har som grunnlag daglegtalens forståing. Samfunnsvitskapen bygg vidare på jussen og daglegtalens si forståing, men legg vekt på at eigedomsrelasjonen har fordelingsmessige og maktpolitiske sider. Teori om eigedom vert dermed interessant for samfunnsplanlegginga.

## Innleiing

I Vest-Europa har privatisering vore ein sentral del av høgrebølga. I Aust-Europa etter kommunismens samanbrot har eit viktig krav frå systemkritikarane vore at eigedom skal privatiserast. I begge høve tyder privatisering at råderett over verdifulle ressursar skal førast over frå staten eller offentlege mynde til privatpersonar eller mindre grupper som aksjeselskap eller landsby ar.

Eigedom er ein sentral kategori for alle menneske og vi veit alle kva det er når vi møter det i dagleglivet. Vi har møtt det frå vi var i stand til å oppfatte skiljet mellom mitt og ditt. Men den daglegdagse innsikten vi alle har skaffa oss om kva eigedom er for noko, gjer det også til eit vanskeleg omgrep i vitskapeleg samanheng. Om mangfaldet i omgrepet seier den engelske historikaren Richard Tawney(1921):

*«Eigedom er ein svært mangetydig kategori. Den dekkjer ei mengd rettar som ikkje har anna felles enn at dei er utøvd av personar og garantert av staten. Utanom desse formale karakteristika varierer dei uendeleg i økonomisk karakter, i samfunnmessige konsekvensar og i moralsk grunngeving. Dei kan vere betinga som når ein får tilstått patentrettar, . eller absolutte som eigarrettar til jordrente, dei kan vere tidsavgrensa som copyrettar eller permanente som jordeige, dei kan*

*vere altomfattande som monarken sine rettar til landet sitt eller avgrensa som eit servitutt, dei kan vere så intime og personlege som eige av klede eller bøker eller så fjerne og usynlege som aksjar i ei gullgruve eller ein gummiplantasje.»(side 50, mi omsetjing)*

Sidan vi alle på sett og vis veit dette som ein del av allmenninnsikten vi har i samfunnet, er det nokså merkverdig at vi både i daglegtale og allment samfunnsliv har så lett for å tenkje på og tale om eige-dom som om det var ein enkel og eintydig kategori. I møte med andre kulturar eller i studiet av andre tidbolkar oppdagar vi fort at folk i andre tider og i andre samanhengar har oppfatning ar om kva eige-dom er for noko som er svært ulik våre eigne. Eige-dom er ikkje berre eit mangetydig omgrep i vår eigen kultur, det viser seg også å vere eit kulturspesifikt omgrep (sjå t.d. Godelier 1984, Schlatter 1951).

Aksepterer vi eige-dom som eit kulturspesifikt omgrep, vil det reise seg spørsmål om kva samband som finst mellom ein kultur og eige-domsgrepet i kulturen: Korleis kan ein ting komme til å bli sett som eige-dom medan ein annan ikkje vert det (t.d. slaveriet som eige-domsteoretisk problem: Korleis kan det vere mogeleg å sjå på medmenneske som eige-dom). Spørsmålet om kva prinsipp og prosessar som ligg bak endringar i eige-domsgrettane, er ikkje stort og viktig berre for reformene i Aust-Europa og høgrebølgja sine ideologar i vest, det har også nære og sensitive avleggjarar i Noreg. Kva skjer t.d. med retten til å fiske i Barentshavet? Kven får konsesjon? Kva vern om rettane sine har dei som har fått konsesjon? Kvifor har det vorte nødvendig å innføre kvotar i melkeproduksjonen? Kva skal til for å omfordele kvotar? Kva rettsvern har ein bonde som har fått tildelt ein viss kvote? Verken konsesjonar eller kvotar er formelt sett å sjå på som eige-dom. Men for kort tid sidan fanst verken konsesjonane eller kvotane. I dag finst både dei og omvegar for å føre over fiskekonsesjonar eller mjølkekvotar frå ein «brukar» til ein annan. Er det tenkjeleg at vi ein gong i framtida vil kunne sjå på «konsesjonar» som ein slags eige-dom på linje med aksjar eller skjøte på eit stykke jord?

Denne artikkelen vil ikkje beinveges freiste å svare på desse spørsmåla. Den har først og fremst som mål å skissere ein viss bakgrunn for å gå vidare inn i spørsmåla om den dynamiske samanhengen mellom samfunnsformasjonen og eige-domskategoriane i samfunnet. ~

Det kan da vere tenleg å tale om tre ulike måtar å skjene kva eige-dom er for noko. Den eine måten å skjene på er innbakt i daglegtalens eige-domsgrep. Dette er grunnlaget som dei to andre, jussen og samfunnsvitskapane sine eige-domsgrep, er bygd på. Vi skal her kort omtale daglegtalens og jussens eige-domsgrep før vi går noko grundigare inn iden samfunnsvitskapelege forståinga av eige-dom gjennom å sjå på bidrag frå historie, sosialantropologi og økonomi.

## Daglegtalens eigedomsomgrep

I vanleg presis språkbruk (Snare 1972) er det ikkje noko skilje mellom eigedom og eige. Utsegner som at «Personen A eig P» er likeverdige med dei som seier at «P er eigedommen til A». I denne daglegdagse språkbruken ligg det innbakt føresetnader om bruken av eigedomen:

1. A har retten til å bruke P,
2. Andre kan bruke P dersom og berre dersom A gir løyve,
3. A kan avtale med andre spesifiserte personar å føre over permanent eller temporært rettar under 1 og 2,

Saman med desse føresetnadene om bruken, finn ein også forventningar om korleis samfunnet vil reagere på bruken av P:

4. Det finst straffereglar som seier kva som skjer med dei som grip inn i A sin bruk av P eller som sjølv utan løyve brukar P,
5. Det finst erstatningsreglar som seier når B kan bli pålagt å erstatte skade som B har valda på P,
6. Det finst ansvarsreglar som seier at A kan haldast ansvarleg om P er opphav til visse typar skade for andre enn A.

Frå Romarretten har ein i Sentral-Europa omgrepet om eigedom som dominium over ting, det totale herredømmet over tingen. I engelsk «common-law», og også i norsk tingsrett, har ein eit omgrep om kløyvd eigedomsrett over tinga. Engelsk og norsk rett kløyver likevel eigedomsretten på heilt ulik måte. I norsk rett refererer kløyvinga seg som regel til ei deling av eigarrettane etter ressursgrensene. Medan den eine personen eig grunnen, vil den andre eige beiteretten og den tredje skogen. Det kan endåtil skje at ulike typar tre er fordelt på ulike personar. Den engelske kløyvinga går langs funksjonsgrensene for eigedommen. Den eine vil da kunne eige grunnrenta (med rett til jordleiga), den andre bruksretten (men betaler jordleige til eigaren av grunnrenta) og den tredje den juridiske disposisjonsretten. Eigarane av grunnrenta og bruksretten har med andre ord ikkje fullmakt til å avhende rettane sine (meir om engelsk rett i Berge 1988).

«Å eige» ein ting tyder med andre ord ulike ting i ulike samanhengar. Å få vite om A at vedkommande eig den fysiske tingen P, er ikkje nok. Vi må ha meir kunnskap om kva A har lov å bruke tingen til. Dagleglivets språkbruk er tydeleg knytt til ein ide om ein «normal brukssituasjon». Den normale brukssituasjonen synest å vere den individuelle private bruken av varige forbruksgode. Men kva ligg det egentleg i uttrykket å bruke P? Tyder dette det same for alle P (t.d. om P er bil eller hus eller jordbruksareal)? Sidan alle kan «bruke» vegen, men ingen har lov å ekskludere andre, tyder det at vegen ikkje er eigedom? Korleis står

bruksrettar i høve til retten til eit utbytte? Kva er eigentleg skilnaden på offentlig eigedom og privat eigedom?

Sidan føresetnadene og forventningane i daglegtalet er så nært knytt til ein standard brukssituasjon for materielle gjenstandar, kan ein seie at den daglegdagse oppfatninga av eigedom er «ting-orientert». Eigedom vert tenkt på og omtala som «ting» anten det no er verkelege eller imaginære ting det dreiar seg om.

Mye av det som er tenkt omkring eigedom og ikkje minst daglegspråkets eigedomsomgrep er modellert over erfaringar med fast eigedom («real property» som det karakteristisk nok heiter på engelsk) slik desse har nedfelt seg i kulturen vår. Mest konkret vil spora etter tankar og erfaringar vise seg i lovverket.

## Ei juridisk tilnærming til eigedomsomgrepet

Det viktigaste ved lovverket er at det legitimerer rettar og gir ein maktgaranti for at den som sit med retten, i fred og fridom skal kunne nyte fruktene av den. Dette er særleg tydeleg der lovverket godkjenner ein rett som ein eigarrett. I Grunnlova er det tale om kva som skal skje om nokon må gi frå seg «rørlig eller urørlig Eiendom». Dersom statens tarv krev dette, skal eigaren ha full erstatning. Det er derfor svært viktig om ein rett kan sjåast på som eigedom eller ikkje. Er ikkje retten eigedom, er den heller ikkje omfatta av Grunnlova sin paragraf. Alle vil derfor ha interesse av at det dei meiner er rettane deira, skal vere eigarrettar. Eit døme frå nyare tid er striden om korleis ein skal sjå på statspensjonane. Tilsette i staten betaler kvart år 2 prosent av bruttoløna si inn til Statens Pensjonskasse i tillegg til den vanlege innbetalinga til folketrygda. Dersom innbetalinga til staten vert sett på som innbetalaren sin eigedom, vil ikkje staten etter Grunnlova kunne røre utbetalingane ein arbeider opp rett til. Vert den derimot sett på som ei form for skatt til staten, vert pengane statens eigedom og kan forvaltast friare. Da bør t.d. staten kunne samordne pensjonsutbetalingane frå folketrygda og Statens Pensjonskasse slik dei gjer i dag. Folk flest vil vel ha lett for å sjå på innbetalingane som sin eigedom i analogi med private pensjonsordningar og vil da oppleve staten sine samordningsreglar som brot mot rettane sine. Det allmenne spørsmålet er «eigentleg om pensjonane er ei form for eigedom.

Vi bør ikkje vere overraska over å finne strid omkring spørsmålet om kva eigedom er for noko. Sidan det særleg er eigarrettane sin status i høve til statens tarv Grunnlova tek opp, er det heller ikkje overraskande at striden om kva som er eigarrettar ofte får form av strid mellom einskilde borgarar og staten. Stridsspørsmål mellom borgarar har oftare som føresetnad at dei er einige om kva eigedomen er for noko, men ueinige om kven som er eigaren. Innan desse to

hovudarenaene er det at juristane opp gjennom århundra har forma ut omgrep og tenkjemåtar for å handtere eigedom.

Det er karakteristisk for rettslæra at den ikkje freistar å seie kva eigedom er for noko eller kven som er eigar i daglegspråkets forstand. Verken i Grunnlova eller i andre lover står det noko om kva eigedom er for noko. I lovverket har daglegtalens "ting-orienterte" eigedomsomgrep blitt transformert til eit relasjonsorientert eigedomsomgrep.

I rettsvitenskapen har ein fokusert på rettar og plikter av ulike slag og det blir skilt mellom rettar i ting (in rem) og rettar i personar (in personam). Med ting meiner ein både materielle og immaterielle ting. Daglegspråkets bruk av omgrepet eigedom reflekterer berre eigedomsrettar i ting. Rettar i personar blir ikkje omtala som eigedom. Sett på spissen og sagt enkelt kan vi seie at rettsvitenskapen sitt bilete av eigedom er ei liste som spesifiserer kva rettar og plikter ein bestemt person (eigaren) har i høve til eit spesifisert objekt (eigedomen) saman med kva rettar og plikter alle andre (ikkje-eigarane) har i høve til det spesifiserte objektet (Hohfeld 1913, 1917). Denne lista definerer ein relasjon mellom ein eigar og ei abstrakt gruppe ikkje-eigarar relativt til eigedomen. Det som ein person eig, dvs. kan råde over, er eigentleg denne relasjonen, eller meir spesifikt: dei rettane og pliktene som er lista opp. Lovverket vil likevel i liten grad spesifisere desse rettane. Det er gjerne meir presist med omsyn på pliktene, men også dei er ofte rundt formulert. Både endringane i rettar og plikter ein veit har skjedd historisk, dei ein ventar vil skje framover og dei mange vanskelege grensetilhøve ein har hatt erfaring med, gjer at ein finn det føremålstenleg å la spesifiseringa stå ut til ein har ei konkret sak der det er nødvendig.

I Hohfelds analyse av denne relasjonen skil han mellom fire typa av rettar og plikter i relasjonen mellom eigarane og ikkje-eigarane:

	<b>EIGAREN HAR</b>	<b>IKKJE-EIGAREN HAR</b>
<b>Bruksaspektet</b>	1. rettskrav	plikter
	2. privileg	ikkje rettskrav
<b>Bytteespektet</b>	3. fullmakter	utsatt for eigarfullmaktene (liability)
	4. rettsvern	ikkje fullmakter

Desse fire typane rettar og plikter kan vi skjene betre om vi tenkjer attende på daglegspråkets eigedomsomgrep.

1. Eksklusjonsføresetnaden (daglegtalens føresetnader 1, 2, 4 og 5). Sentralt i tanken om å eige ligg tanken om at berre eigaren A kan bruke eigedomen P. Dersom ein meiner at eigaren A har eit (retts)krav på å få

bruke eller nytte eiegen P aleine, vil ikkje-eigarane B ha plikt til ikkje å bruke eller nytte P.

2. Bruksføresetnaden (daglegtalens føresetnader 1, 4 og 6). I eieomgrepet ligg det gjeme ei forestilling om at eigaren A kan bruke eller misbruke eiegen P på alle måtar som lova ikkje forbyr (t.d. øydeleggje P). Om eigaren har det privilegiet å kunne bruke P på ein bestemt måte, vil ikkje-eigarane ikkje kunne ha noko rettskrav om at A ikkje skal bruke P på denne måten.
3. Avhendingsføresetnaden (daglegtalens føresetnader 2 og 3). I eieomgrepet ligg det ei forestilling om at eigaren kan avhende eiegen sin. Eigaren har fullmakter til å skape nye juridiske relasjonar i høve til eiegen P. Desse fullmaktene representerer eit maktpotensiale som ikkje-eigaren er utsett for. Ikkje-eigarane er utsett for bruken av eigarens fullmakter.
4. Rettsvernføresetnaden (daglegtalens føresetnader 3 og 4). A har ikkje berre fullmakter til å skape nye juridiske relasjonar i høve til P, A har også rettsvern i høve til ikkje-eigarar om dei vil prøve å skape nye juridiske relasjonar (om dei handlar som om dei hadde eigarens fullmakter) i høve til P.

Jussen sitt eiegenomsomgrep er relasjonelt. Det fastlegg eiegenom som ein asymmetrisk relasjon mellom eigarar og ikkje-eigarar i høve til eit objekt. Objektet kan vere ein "ting" (materiell eller imateriell), eller det kan vere fordringar på personar. Ut over dette finn ein ikkje svar på kva eiegenom er eller oppfatningar om korleis eiegenom blir til. Det ein har, er prosedyrar for å handtere eiegenom så snart det finst allmenn aksept (i alle høve mellom juristar) for at eit gode bør sjåast på som eiegenom.

## **Ei samfunnsvitskapeleg tilnærming til eiegenomsomgrepet**

Medan daglegtalens eiegenomsomgrep var tingorientert, såg vi at rettslæra sitt eiegenomsomgrep var relasjonelt. Eiegenom har å gjere med regulering av tilhøve mellom menneske. I dette ligg daglegtalens eiegenomsomgrep som ein føresetnad.

I ei samfunnsvitskapeleg tilnærming til eiegenomsomgrepet må vi byggje vidare på daglegtalens og rettsvitskape sine omgrep. Dette gjer vi ved 1) å føre "tingen" inn igjen i det relasjonelle eiegenomsomgrepet, og 2) ved å gjere jussens klare skille mellom det som er eiegenom og det som ikkje er eiegenom til eit

spørsmål om grader. "Tinga" i eigedomsrelasjonane kan ha meir eller mindre karakter av å vere eigedom.

«Tinga» vi talar om er imidlertid verken konkrete eller immaterielle ting slik daglegtalet eller jussen oppfattar dei. I staden talar vi om abstrakte gode (og onder) av ulike typar. Ein klassifikasjon av daglegtaletens «ting» viser at for ulike typar ting vil ein i vanleg samfunnsliv ha ulike oppfatningar om kva rettar og plikter som knyter seg til tingen, og i jussen vil prosedyrane vere ulike. Også for gitte «ting» vil oppfatningane hos vanlege folk også i rettsapparatet endre seg over tid. Eit dagsaktuelt døme på eit gode der oppfatningane er i endring, er statspensjonen. Statspensjonen er ein abstrakt «ting» der det i dag er strid om kven som har kva for rettar. Problemet i situasjonen i dag ligg i spørsmålet om staten kan regulere retten til statspensjon i høve til retten til folketrygd. Kva er rimeleg og rettferdig? Dersom ein med utgangspunkt i at rettshavaren har betalt inn ei årleg avgift seier at pensjonsrettane må vere å sjå som rettshavaren sin eigedom, vil ein kunne trekke inn grunnlova sitt vern mot oreigning utan full kompensasjon. Men er pensjonsavgifta meir å likne med ein særskatt for statstilsette, vil staten friare kunne disponere denne mellom t.d. statspensjon og folketrygd.

I eit dynamisk perspektiv vil ein kunne reise spørsmål om korleis rettar og plikter i høve til nye gode utviklar seg, og korleis nye oppfatningar om kva som er gode og onder påverkar oppfatningane om kva som er rettar og plikter. Ved å frigjere seg frå eit absolutt skilje mellom kva som er eigedom og kva som ikkje er eigedom, vil ein også kunne stille spørsmål om korleis oppfatningar om rettar og plikter påverkar lovverket og praktiseringa av jussens eigedomsomgrep. Ein vil kunne studere korleis «gode» gjennom utviklinga av samfunnet endrar karakter, til dømes frå å vere eit «gratisgode» som t.d. fisken i havet, utan spesifikke rettar og plikter som regulerer tilgangen til det, til å vere eit gode der legalt godkjente rettar og plikter er fordelte mellom eigarar.

Eit første steg i studiet av eigedom på denne måten vil vere å studere eigedom i ulike historiske periodar og i ulike kulturar.

## **Eigedom i historisk og sosialantropologisk perspektiv**

Kvar tidbolk har tenkt igjennom problema kring eigedom og ytt sitt til å endre på kva omgrepet står for. I alle registrerte kulturar finn vi former for byte, og kompleksiteten i samfunnet skal ikkje vere særleg stor før vi også finn former for kjøp og sal. Både byte og kjøp og sal er nært knytt til idear om eige eller ei form for råderett over dei elementa som går inn i byteprosessen. Men i alle samfunn er det også idear om eit skilje mellom dei tinga som kan bytast bort og dei som

ikkje kan bytast bort. På same vis finst det idear om kven ein kan byte med og kven ein ikkje kan byte med.

Det har funnest samfunn, og ikkje verken langt vekk eller for lenge sidan, der ein kunne kjøpe og selje menneske slik vi kjøper og sel dyr. I samfunnet i dag er menneske mellom dei delane av røyndomen rundt oss som ikkje kan avhendast. Dei same samfunna som såg på menneske som avhendelege «ting», kunne samtidig sjå på jord som uavhendeleg.

Å sjå på jord som uavhendeleg vert ofte sett som typisk for «primitive» kulturar eller det som i nyare tid er kalla «naturfolk». Ei utsegn tillagt ein indianar i forhandling ar med den amerikanske regjeringa, illustrerer synet særdeles godt: «Så lenge sola skin og vatnet renn, vil denne jorda vere her og gi liv til menneske og dyr. Vi kan ikkje selje liva til menneske og dyr, derfor kan vi ikkje selje denne jorda. Den vart lagt her for oss av den Store Ånd og vi kan ikkje selje den fordi den tilhøyrer ikkje oss.» (mi omsetjing etter Reeve, 1986, side 52).

Men når representantar for småkulturar seier at jorda tilhøyrer «alle», viser det seg i praksis likevel nokså regelmessig at «alle» berre tyder alle av ein bestemt sort menneske. «Alle» er alle dei som fyller krav om medlemskap i ei viss gruppe. Dei som ikkje er medlemmer av gruppa eller som har forbrote seg grovt mot gruppa, er heller ikkje «menneske» og har dermed ingen rett til jorda. Stundom kunne dei til og med gjerast til slavar. Normalt er «menneskegruppa» definert i termar av slektskap. Men i mange høve kan «slektskap» opparbeidast slik flyktningar i dag kan opparbeide statsborgarskap. Svært sjeldan tyder «alle» verkeleg alle.

I vår kultur synest det naturleg å sjå på individet som den rette eigaren, og vi ser med forundring -om ikkje fiendskap -på samfunn der det er kollektivet som står som «eigar» . Likevel skal ein ikkje studere tilhøvet mellom individ, eige og samfunn lenge før ein må konkludere med at individuell eige er eit kollektivt definert fenomen like så vel som kollektiv eige er det. Det finst ikkje eit einaste historisk eller sosialantropologisk døme på individuell eige av jord der eigaren kan gjere fullstendig som han sjølv vil i bruk eller misbruk av jorda si (Godelier 1984, side 85). Ein annan måte å seie dette på er at eit eigeomssystem er eit kulturelt eller samfunnsmessig produkt.

## Idehistorie og utviklingstru

I utviklinga av eigeomssystemet i vår eigen kultur står den klassiske filosofiske diskusjonen frå 1700-talet og utover sentralt. Denne diskusjonen hadde gjeme utgangspunkt i ei utviklingshistorie. Den historiske framstillinga av det «opprinnelege» , det «naturlege» eller det «urkommunistiske» tilhøvet mellom folk



og territorium hadde i den samanhengen ein ideologisk funksjon. Den vart brukt som grunngeving for at eitt bestemt eigedomssystem burde finnast i samtida.

Utviklingshistoria til eigedomssystema var i den samanhengen nært knytt til ein teori om samfunnsutvikling generelt: Ingen var i tvil om at utviklinga gjekk lineært framover frå veide-og sankarsamfunn via nomadesamfunn til jordbruks-samfunn og kom til slutt til toppen av utviklinga med den merkantile kapitalismen på 1700-talet og industrikapitalismen på 1800-talet. Den tilsvarande utviklinga av eigedomssystema meinte ein gjekk frå allmenning, til stamme-allmenning, til føydal jordeige, for å kulminere i den form for privat jordeige som borgarskapet freista innstifte på denne tida. Overgangen frå den føydale jordeiga til den borgarlege kan karakteriserast som ein overgang frå å sjå på jord som individuelt uavhendeleg til individuelt avhendeleg.

Trua på grunndraga i denne utviklinga har vore rotfest i vår kultur heilt fram til våre dagar. I dag veit ein at ei slik enkel utviklingsline ikkje finst. Det vi freistar å halde fast ved framleis, er ei tru på at det finst eit visst samsvar mellom samfunnsforma og eigedomsomgrepet og tenkinga i samfunnet.

Jordeigesystemet er fundamentalt for eit samfunn. Men ser vi på utviklinga av det moderne jordeigesystemet har sporane til å endre jordeigesystemet kome utanfrå, frå utviklinga i andre delar av samfunnet. Utviklinga av eigarrelasjonar i andre "ting" enn jord, nye måtar å sjå på rettar og plikter overfor andre menneske, i høve til ting det knyter seg interesser til, har inspirert til å endre på jordeigarelasjonen. Desse endringane kom til dels under sterk motstand frå dei som faktisk sat som jordeigarar, men slo likevel igjennom.

Ein svært sentral person i nytenkingsarbeidet omkring eigedom på 1700-talet var John Locke (1690, bok 2, kap. 5). Også han tok utgangspunkt i ei "utviklings-historie". Det blir hevda at både han og andre var inspirert av kunnskap om eigedomssystema til indianarstammer som på den tida tok til å bli kjent via reise-skildringar og andre typar dokument. Denne kunnskapen vart tillagt vekt nettopp fordi ein trudde på den eintydige utviklingslina frå primitiv til moderne, frå barbar til sivilisert. Denne utviklingstrua går i alle fall attende til klassiske greske skrifter og har vel først i vårt hundreår fått ein alvorleg knekk.

## Eigedom i ulike kulturar

Går ein bort frå trua på den lineære utviklinga og byrjar å granske nøgnare korleis eigesystem faktisk har utvikla seg både i "moderne" og i "primitive" samfunn, finn ein så stor variasjon og så mange overgangar i ulike retningar at ein berre må forkaste dei utgangspunkta som klassisk litteratur på dette feltet

byggjer på. Det viser seg t.d. at nomadesamfunn kan utvikle seg like godt frå fastbuande jordbrukssamfunn som frå jeger-/sankarsamfunn (Godelier 1984, s.99). I mange samanhengar er det gjensidige tilpassingar mellom nomadar og fastbuande som gjer dei gjensidig avhengig av kvarandre. Ser vi på kva tilhøve til territorium som ulike kulturar kan ha, så finn Godelier (1984) at det eksisterer nomadekulturar som ikkje har eller gjer krav på noko fast territorium. Dei flytter rundt og leiger beiteområde av dei som gjer krav på territoriet (Godelier 1984, s. 86).

Godelier studerer fenomenet eigedom ut frå sambandet mellom samfunn og territorium. Ut frå granskningane sine meiner han å kunne konkludere med at (Godelier 1984, side 75-81, mi omsetjing):

1. «Ei eigedomsform eksisterer berre når den tener som ein regel om korleis ein konkret kan tileigne seg noko av røyndomen. Eigedom eksisterer berre når den kan effektuerast gjennom ein konkret tileigningsprosess.»
2. «Reint formelt vil eigedomsomgrepet kunne nyttast om kva som helst av handgripeleg eller uhandgripeleg røyndom: Jord, vatn, ei maske, rituell kunnskap, hemmelege magiske formular brukt til å garantere fruktbarhet av planter, dyr eller kvinner, ein rang, namna til dei døde og så vidare.»
3. «Reglar om eigedom vil alltid ta form av normative reglar som fareskriv visse former for åtferd medan dei forbyr andre under trussel om straff.»
4. «Eit samfunn sine eigedomsreglar vil alltid ta form av eit system som samstundes kviler på fleire ulike, til dels motstridande, men kombinerte prinsipp.»

Generelt sett står eit samfunn framfor to problem. Det eine er å tileigne seg frå naturen det samfunnsmedlemmene treng for å reprodusere seg. Dette krev ei regulering av relasjonane mellom samfunnet og naturen. Det andre problemet er å fordele mellom individa det gruppa kan tileigne seg i dei høve det ikkje er nok til alle. Dette krev regulering av relasjonane mellom menneska. Godelier (1984 s. 108-110) finn at eigedomssystemet er sterkare påverka av produksjonskapasiteten, dvs. evna til å tileigne seg levemåten frå naturen, og kulturen, t.d. representert ved slektskapsrelasjonar og organiseringa av samfunnet i grupper, enn av kvalitetar i sjølve naturgrunlaget.

I utviklinga av våre eigne komplekse samfunn finn vi trekk som gir opphav både til likskap i tilgangen til gode og faktorar som gir opphav til skilnader. Eit sentralt spørsmål er å finne korleis desse faktorane spelar saman og står i høve

til konkrete eigedomssystem. I utforskinga av dette møter vi med ein gong to sentrale og nært samanbundne spørsmål: Spørsmålet om korleis gode vert fordelt, og spørsmålet om korleis fordelingsprosessen relaterer seg til den makta som garanterer eigarrettane.

## Makt og eigedom

Både i daglegspråket og i rettsvitskapen finn ein tankar om eigedom som føreset at den er garantert av eit maktapparat. Eigedomsinstitusjonen får konkret form når vi kjenner kva for sanksjoner som garanterer at personen A får nyte dei rettane i objektet P eller får oppfylt dei fordringane på personen B som avtalar og lovverk spesifiserer og rettsapparatet garanterer. I velutvikla legale system har denne makta eigentleg to kjelder. Den eine er statsadministrasjonens politi og domstolar, det andre er den ideologiske utforminga og forståinga av kva som er lov og rett for eigedom.

Det er opplagt slik at di nærmare samsvar det er mellom den daglege oppfatninga til rettsstellet og folk av kva eigedom er for noko og korleis folk kan oppføre seg i høve til eigen og andres eigedom, di enklare er det for rettsstellet å garantere denne eigedomen. Ideologisk makt eller hegemoni er dermed ein del av grunnlaget for eigedomsinstitusjonen. Spørsmålet om korleis eigedomsomgrepet endrar karakter opp gjennom historia vil dermed vere nært knytt til utviklinga av og fordelinga av makt i samfunnet og særleg interessant blir det å sjå på korleis ulike grupper med ulikt maktgrunnlag kjempar om det ideologiske elementet.

I det lange løp er det ikkje nok å kontrollere den fysiske makta (hæren) og/eller den økonomiske. Kostnadene ved å forsvare eit eigedomssystem som ikkje er fundert i eller legitimert igjennom ideologi vil, trur eg, i eit lengre tidsperspektiv bli uoverkommelege.

I økonomisk teori om eigedomsrettar er omgrepet transaksjonskostnader viktig. I den samanhengen har ein funne at fordelinga av eigarrettar, særleg mellom private og offentlege institusjonar, påverkar dei totale samfunnsmessige driftskostnadene. Til mindre transaksjonskostnadene er til større er overskotet som kan konsumerast eller reinvesterast. Men vi kan også sjå på dette frå ein annan synsvinkel. Gitt ei fordeling av eigarrettar, kan denne garanterast på ulike måtar og med ulike middel. Ideologi, mellom mange andre ting, kan vere med på å redusere transaksjonskostnadene vesentleg.

Tilhøvet mellom juss, daglegspråk og makt har også ei anna side. Daglegspråket inneheld klare oppfatning ar av at eigedom er eller gir makt, og her skil daglegspråket seg frå jussen. Alt det som gir menneske makt, blir i jussen skilt ut som objekt det knytter seg interesser i. Eigdomsrelasjonen spesifiserer rett

og plikter som eigarar og ikkje eigarar har i høve til eit objekt. Prinsippet om likskap for lova gjer det vanskeleg for jussen å gå inn på problemet med at den eigaren som får lovleg garanti for mye eigedom, også får mye makt. Jussens omgrep om eigedom gjer det mogeleg å separere makt frå eigedom. Maktaspektet forsvinn ut av syne.

Men i den grad eigedomsideologi legitimerer og lovverk garanterer ein eigerelasjon, blir dette ein kamouflert makteigenskap ved eigaren og den tingen som er i eige. Ein kan her seie at daglegtalens eigedomsgrep representerer eit viktig korrektiv til jussens eigedomsgrep. Den engelske rettssosiologen Cotterrell (1986) seier det slik: «-----oppfatninga av eigedom kan ikkje bli avfeidd som uinteressant fullt så enkelt som moderne «Hohfeldiansk» lovanalyse antyder. Omgrepet vil vere svært viktig sosialt og ideologisk enda om det har svært avgrensa verdi for juristar i arbeidet med å løyse dei tekniske problema i lovverket.» (side 95, mi omsetjing).

## Eigedom i økonomisk teori

Medan juristar har handsama eigedom i termar av både rettar og plikter, har økonom ane lagt vekt på rettane. Som naturleg synest å vere for økonomar, har dei ut frå si fokusering på hushaldet med knappe ressursar sett på eigedomsinstitusjonen ut frå spørsmålet om effektiv ressursbruk.

Dei amerikanske økonomane Furubotn and Pejovich seier det slik (1974, side 3, mi omsetjing):

*«Eigedomsrettar kan sjåast som sanksjonerte atferdsrelasjonar mellom menneske som veks ut av eksistensen til gode og har å gjere med bruken av dei. Desse relasjonane spesifiserer normer for oppførsel med omsyn til goda som alle personar må ta omsyn til i den daglege samhandlinga med andre personar, eller ta på seg konsekvensane av å ikkje gjere det. Uttrykket «gode» er her brukt om alt som gir nytte eller tilfredsstilling for ein person. Dermed, og dette er eit viktig poeng, vil eigedomsrettar i denne tilnæringsmåten referere til alle knappe gode. Omgrepet omfattar ikkje berre rettar over materielle ting (som å kunne selje skrivemaskinen min) men også menneskerettar (som retten til å reyste, til å publisere, osv.). Det rådande systemet av eigedomsrettar samfunnet er dermed summen av økonomiske og sosiale relasjonar med omsyn til knappe ressursar som individuelle samfunnsmedlemmer har til kvarandre. «*

Vi ser at også denne tilnærminga til eigedom er basert på visse maktgarantiar. Det er tale om sanksjonerte relasjonar. På same måten som juristane fokuserer økonomane på rettane som eigaren har. Men til forskjell frå juristane sitt abstrakte omgrep om ting som det kan kvile interesse i og plikter i høve til, har Økonomane konsentrert seg om rettar til knappe gode. Ressursbruk er økonomisk interessant berre der det er tale om ein knapp ressurs. Dermed blir eigedomsrettane i økonomisk perspektiv eit spørsmål om allokering av disposisjonsrett til knappe ressursar med dei konsekvensar dette har for fordelinga av inntekt og formue på eine sida og makt og utviklingsdynamikk på andre sida.

Eit anna poeng vi skal merke oss her, er at dei knappe goda ikkje berre omfattar materielle goder, men også sosialt definerte og heilt immaterielle gode som t.d. røyserett (Menneskerettserklæringa Artikkel 21 pkt.1) eller retten til statsborgarskap (Menneskerettserklæringa Artikkel 15)<sup>1</sup>.

Dette er temmeleg fjernt frå daglegtalet si forståing av kva eigedom er for noko. Det er også interessant å merke seg at mellom dei uavhendelege rettane som alle menneske har, er retten "til å eie eiendom" (Menneskerettserklæringa Artikkel 17 pkt. 1) og retten til "beskyttelse av de åndelige og materielle interesser som er et resultat av ethvert vitenskapelig, litterært eller kunstnerisk verk" som ein sjølv har skapt (Menneskerettserklæringa Artikkel 27 pkt.2). Retten til å eige eigedom og til vern av copyrettar er likevel ikkje knappe goder i vanleg meining av ordet. Knappe er dei berre i den forstand at det i einskilde statar finst grupper av menneske som meiner seg tent med å nekte andre menneske desse rettane. For ein økonom vert det interessant å sjå på kva konsekvensar dette har t.d. for økonomisk utvikling.

Modellstudiar av allmenne bytteprosessar viser t.d. at i høve til ein utgangssituasjon der individ har tildelt ulike mengder og typar av ressursar og der det ikkje vert handheva noko form for eigarrettar ut over det individet sjølv klarer med eiga makt, vil alle tene på at det vert oppretta ein institusjon som kan handheve eigedomsrettar (slik dei er forstått i daglegtalet) til dei ressursane kvar einskild har fått utlevert. I dette resultatet ser mange økonomar eit sterkt tildriv til framveksten av staten (Cornes and Sandler 1986, side 32-33). Gjennom å betale ein liten skatt til den sentrale politistyrken, vil kvar einskild spare dei store forsvarsutgiftene ei nødvendig sikring elles ville kreve. Allment kan ein seie at

<sup>1</sup>I innleiinga til Menneskerettserklæringa vert menneskerettane omtala som "umistelige rettigheter for alle medlemmer av menneskeslekten". Ordet "umistelig" er her nøkkelen til noko eg meiner er teoretisk viktig. Formuleringa om uavhendelege rettar som tilkjem kvart menneske, peikar på ein fundamental distinksjon mellom ulike typar gode. Dei materielle goda som reint fysisk kan gå tapt eller bli overlatt til ein ny eigar, og dei immaterielle, uavhendelege goda som berre kan tapast gjennom statens aktivitet (eller mangel på aktivitet).

den sentrale politistyrken i denne sammenhengen både gir stordriftsføremoner og lågare kostnader til overvaking av dei ulike eigarrettane enn det individuelle løysing ar av sikrings- og overvåkingsproblemet vil gi. Legitime rettar og plikter knytt til knappe ressursar reduserer samfunnets samla transaksjonskostnader<sup>2</sup> knytt til bruken av desse ressursane.

Ved sida av å fokusere på effektiv ressursbruk (minimering av transaksjonskostnader), har økonom ar fokusert på at ressursbruk ofte medfører verknader for andre enn eigaren. Når dei andre ikkje er med på avgjerdene om ressursbruken kallast verknadene som ikkje-eigarane opplever for eksterne verknader eller eksternalitetar. Korleis rettar og plikter er definert og fordelt er nært knytt til eksistensen av eksternalitetar. Ureining av luft og vatn kan handsamast som ein uønska eksternalitet. Spørsmålet for eigedomsteoretikaren blir då kven som sit med retten til å ureine lufta eller vatnet. Om det er ureinaren, t.d. fabrikkjen som sit med retten, vil dei som kjenner ureininga som ei ulempe, t.d. naboane, måtte betale ureinaren for å stoppe. Om det er naboane til ureinaren som sit med retten til å ha rein luft og vatn, vil den som ønskjer å ureine måtte betale for retten til å ureine. Dei ulike måtane å allokere slike rettar på gir opphav til ulike nivå av transaksjonskostnader. Igjen viser det seg at å gi staten (eller ein tilsvarande systemansvarleg aktør) visse fullmakter til å regulere slike eksterne verknader vil vere med på å minimere transaksjonskostnadene. Allment finn ein at uønska (negative) eksternalitetar kan kontrollerast ved høvelege offentlege reguleringar av eigarrettane. Problemet er ofte at når ein fjernar ein eksternalitet skaper ein i staden ein annan.

## Sluttord

Somme av relasjonane mellom aktør og eigedsobjekt vert definert som eigedsrelasjonar, andre vert det ikkje. Å få ein relasjon godkjent som ein eigedsrelasjon gir ein ekstra rettstryggleik for relasjonen, men kanskje også ei sterkare regulering i form av plikter knytt til eigedomen.

Problemet er kva for relasjonar som får status som eigedom. Kva er det som skal til for å få ein relasjon godkjent som eigedom av lovverk og juridisk system? Ser vi på dei mange ulike kulturane som antropologar har studert, er det klart at svaret finst i karakteren av samfunnet. Både teknologi, kunnskap og kultur er viktig. Det som utgjer eigedsrelasjonane i samfunnet vil vere knytt til konkrete prosessar der samfunnsmedlemmer tileignar seg dei delane av deira opplevde

<sup>2</sup>Med transaksjonskostnader meiner vi her alle slags kostnader knytt til forhandlingar om utforming av avtalar og overvaking av at avtalar vert etterlevd.

røyndomar som dei treng for å reprodusere samfunnet. Formuleringa «opplevd røyndom» er viktig. Det finst kulturar som har forfedrane sine ånder som ein del av sin opplevde røyndom. Dersom hemmelege formular må nyttast for å skaffe den hjelp frå forfedrane sine ånder som trengst for å få fram årsveksten, så vil også samfunnet verne om og regulere bruken av desse formulara på same måten som dei vernar om og regulerer bruken av «ting» (som t.d. jordbruksareal) vi lettare kan kjenne igjen som eigedom.

Men sjølv om vi finn svære variasjonar i kva ulike kulturar definerer som eigedomsrelasjonar og kva slag «objekt som inngår i dei, har problemet ei anna og i vår samanheng viktigare side. Det har vore antyda at utviklingsdynamikken i samfunnet er nært knytt til korleis eigedomsrettane er definert og fordelt. Det er dermed nærliggjande, i forlenginga av spørsmålet «kva relasjonar får status som eigedom», å stille spørsmålet «kva relasjonar *bør* få status som eigedom og korleis skal dei fordelast». Eigedomsteorien er ein sentral del av planteorien. Den går rett inn i sentrale verdispørsmål knytt til utforminga av institusjonar i samfunnet for produksjon og fordeling.

## Litteratur

- Berge, Erling. 1988. Nokre sentrale omgrep i engelsk rettstenking om eigedom (Some Central Concepts of the English Jurisprudence of Property). *Kart og Plan* 48 (4):383-388.
- Cornes, Richard og Todd Sandler. 1986. *The Theory of Externalities, Public Goods, and Club Goods*. Oversatt. Cambridge: Cambridge University Press.
- Cotterrell, Roger. 1986. The Law of Property and Legal Theory. I *Legal theory and common law*, Redigert av W. Twining, 81-98. Oxford: Basil Blackwell.
- Furubotn, E. 1972. Property Rights and Economic Theory. *Journal of Economic Literature* 10 (4):1137.
- Godelier, Maurice. [1984] 1986. *The Mental and the Material*. Oversatt. London: Verso.
- Hohfeld, W. N. 1913. Some fundamental legal conceptions as applied in judicial reasoning. *Yale Law Journal* 23:16-59.
- Hohfeld, W. N. 1917. Fundamental legal conceptions as applied in judicial reasoning. *Yale Law Journal* 26:710-770.
- Locke, John. [1690] 1986. *Two Treatises of Government*. Oversatt. London: Dent.
- Reeve, Andrew. 1986. *Property*. Oversatt. London: Macmillan.
- Schlatter, Richard. 1951. *Private Property. The History of an Idea*. Oversatt. London: George Allen & Unwin.
- Snare, Frank. 1972. The Concept of Property. *American Philosophical Quarterly* 9 (2):200-206.
- Tawney, R. H. [1921] 1982. *The Acquisitive Society*. Brighton: Wheatsheaf.